


Børnes marknadsført

12.12.2010



**Kvinnherad kommune satsar å marknadsføra næringsareala i kommunen, mellom dei Børnes Industriområde i Uskedalen, i næringslivsbladet Aktuell Industri.**

Det er tredje utgåva av bladet som er kome ut no i desember. Det er eit magasin for næringslivet i Rogaland og Hordaland med 30.000 i opplag. Framsida sitt hovudslag er derimot henta frå Eikefjord i Sogn og Fjordane.

Kvinnherad har ei heilsides annonse om næringsareala. Av tjue areal dreg kommunen spesielt fram Årsnes med 15 da planert område, Børnes med 15 da, Husnes Industriområde med 16 da og Landamarka med 20 da.

Om Børnes heiter det at området er vist som næringsareal i kommunedelplan for Rosendal-området, og er i communal eige. Det har godkjent reguleringsplan, heiter det.

Jarle Fossheim er kommunens kontaktperson.

t-